

Strategisk Næringsplan for Ål kommune 2009-2012

Vedteke i K-styret 20.11.2008



Innhald

Strategisk Næringsplan for Ål kommune 2009-2012

FORORD.....	3
1. INNLEIING	4
1.1. Bakgrunn og mandat	4
1.2. Kva har skjedd?.....	4
1.3. Organisering av arbeidet	5
1.4. Kva er strategisk næringsplanlegging	5
1.5. Forhold til andre planverk	5
1.6. Status/utviklingstrekk.....	5
2. HISTORIE OG VISJON	8
3. ÅL SINE KONKURRANSEFORTRINN	9
3.1. Sterke sider	9
3.2. Svake sider	9
3.3. Mogelegheiter.....	10
3.4. Trugslar	10
4. STRATEGI.....	11
4.1. Strategiske mål	11
4.2. Overordna strategi	11
4.3. Handlingar Ressursinnsats og finansiering. Ål Kraftverk KF, – fyrtårn i 100 år ..	12
5. SATSINGSOMRÅDE, STRATEGIAR OG MÅL.....	14
5.1. Generelt	14
5.2. Langsiktig del	14
6. VIRKEMIDDEL OG BRUK AV DESSE	24
6.1. Planverk.....	24
6.2. Lover og regelverk	24
6.3. Kommunale tenester – Ål ein næringsvennleg kommune	24
6.4. Kommunale innkjøp.....	25
6.5. Politisk påverknad/arbeid	25
6.6. Bruk av fond.....	25
6.7. Andre viktige aktørar	26

VEDLEGG 1: Handlingsprogram

FORORD

Den første strategiske næringsplanen for Ål kommune (SNP) gjaldt for perioden 2001-2004, den neste for 2005-2008. Denne planen er for perioden 2009-2012. Bakgrunnen er at det er viktig for kommunen å ha eit dokument som viser kva me ønskjer å prioritere i åra framover for å nå dei måla me set for næringsutvikling.

SNP skal vere eit styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk og vere grunnlag for dei prioriteringar kommunen gjer i planperioden. I tillegg gir det aktørane innafor næringslivet signal om kva for prioriteringar kommunen legg til grunn for vidare utvikling.

Ål kommune definerer si rolle til å vera med å leggja til rette for næringsutvikling generelt og på dei områda som er vedtekne i planen spesielt. Dette vert gjort gjennom økonomisk støtte, rådgjeving, politisk arbeid, kommunale investeringar og sakshandsaming og plan- og rammeverk.

Næringslivet har vore med på å leggja basis for SNP gjennom fleire høyringsrundar. Ål Utvikling AS er den sentrale aktøren i møtet mellom næringsliv og kommune. Når det gjeld landbruket, som ikkje er medlem i Ål Utvikling, samarbeider kommunen med faglag og interesseorganisasjonar.

I planen for 2009-2012 er det lagt meir vekt på å plassera Ål i det regionale bildet i Hallingdal. Grunnane til dette er mellom anna: styrka regionalt arbeid på mange område, statlege og fylkeskommunale aktørar ser i auka grad på Hallingdal som ein region og samlar verksemda si ein plass i regionen, arbeidstakarar pendlar i auka grad over kommunegrensene, og viktige næringsaktørar i regionen ser på Hallingdal som ein marknad.

SNP 2009-2012 har ein generell del, Ål sine konkurransefortrinn, strategiar/satsingsområde og verkemiddel. Som vedlegg skal det årleg følgje ein handlingsplan.

Handlingsprogrammet listar opp prioriterte tiltak, når dei skal gjennomførast, av kven og til kva kostnad. Handlingsprogrammet er verktøyet for å nå oppsette mål. Røynsle gjer at ein no legg mykje meir vekt på eigarskap/forankring. For å skape resultat krevjast klare eigarar til tiltaka og eigarar med vilje og evne til å gjennomføre. (Tiltaksapparatet vil også arbeide for å styrke utviklingsevna i Ål).

Den strategiske delen av planen gjeld for 4 år, medan handlingsprogrammet skal reviderast årleg i samband med budsjetthandsaminga. Visjon og hovudmål kan reviderast samstundes med kommuneplanen, ein gong i kvar kommunevalperiode.

Med "strategisk" meiner me at planen har klart definerte mål og klare konkrete tiltak for å nå måla. Visjonen skal vera ei samlande og motiverande målsetjing me kan strekke oss etter. Hovudmålet skal gje retninga for kor me vil, det skal vera langsiktig og målbart med tanke på gjennomføring.

Ål, den 20.11.2008

Torleif Dalseide
Ordførar

1. INNLEIING

1.1. Bakgrunn og mandat

Strategisk næringsplan for Ål skal gjelde for åra 2009-2012.

Kommunestyret føresette i budsjettarbeidet for 2009 at rullering av planen vart sett i verk, og formannskapet gjorde 10 mars 2008 oppstartsvedtak for arbeidet med rullering.

Mandat

Styringsgruppa for SNP utarbeidde følgjande mandat for sitt arbeid:

“Det skal utarbeidast ein Strategisk Næringsplan for Ål kommune. Med strategisk meiner vi at planen skal være kortfatta og konkret, med mål og tiltak. Næringslivet er sjølv ein viktig premisleverandør til SNP. Når det gjeld bruk av næringsfond og kommunen sin næringspolitikk, skal planen vere overordna “Tiltaksplan for landbruket i Ål” og “Oversiktsplan for skogbruket i Ål”.

Planen skal sjå næringslivet under eitt og peike ut satsingsområde. Planen skal omfatte kommunen sin næringspolitikk og vere grunnlag for prioriteringar ved bruken av kommunen sitt næringsfond.

Styringsgruppa skal også gjennomgå, og eventuelt revidere, vedtektene for Næringsfondet og retningslinjer for Arrangementsfondet.”

Når det gjeld gjennomgang av vedtektene for næringsfondet og retningslinjer for arrangementsfondet blir dette å finne i egne dokument.

1.2. Kva har skjedd?

SNP for 2005–2008 har fleire forskjellige tiltak under dei valde strategiane. Om lag 50 % er gjennomførde i ei eller anna form. Fleire av tiltaka vart påbegynt, men vart ikkje vidareførde då dei ikkje gav dei resultat ein håpa på. Andre tiltak er fanga opp av prosessar som ikkje har sitt opphav i Strategisk næringsplan, men som likevel vart ei deloppløysing av dei strategiske måla. I denne planen var det lagt større vekt på å støtte verksemder som var villige til å yta eigeninnsats, i staden for å peike ut nokre næringar som satsingsområde

Sjølv om prosessen med Strategisk næringsplan for 2001-2004 og 2005-2008 hadde særskild brei deltaking frå næringsliv, politikarar og kommunen, ser det ut til vi i Ål har eit stort forbedringspotensiale i å gjera SNP til ein endå viktigare styrings- og stimuleringsreiskap. Om ein klarar å knytte SNP til langtidsplan, arealplan og støttetiltak vil planen vera ein aktiv reiskap.

Erfaringane med dei to planperiodane Ål kommune har hatt ein strategisk næringsplan, er samansett og det er ikkje lett å seia kva delar som har vore vellukka og kva som har vore mindre vellukka. Generelt kan det sjå ut som om tiltak der ein har fått til ein god samansetning av privat initiativ/finansiering og offentleg stimulering gjennom tilrettelegging, rådgjeving og økonomisk støtte har best sjanse til å lukkast. Eksempel på dette er omstillingsprogrammet for Ål kommune, spesielt med tanke på prosjekt SMB-utvikling og prosjekt IKT-media-grafisk.

1.3. Organisering av arbeidet

Det vart sett ned følgjande arbeidsgruppe for rullering av Strategisk Næringsplan:

Ivar Brevik, varaordførar, Senterpartiet (leiar av arbeidsgruppa).
Knut Haug, kommunestyremedlem, Høgre.
Bjergulv Noraberg, rådmann Ål kommune.
Kari Grete Kleivstøl, dagleg leiar Ål utvikling.
Jon Ola Bergaplass, representant frå næringslivet.
Nils Dengerud, representant frå landbruksnæringa.
Are Fosse, næringskonsulent Ål kommune.

Næringskonsulenten har vore sekretær og sakshandsamar for gruppa.

1.4. Kva er strategisk næringsplanlegging

I planen for perioden 2009-2012 vil me innleiingsvis leggja vekt på følgjande moment som viktige grunnlag i planarbeidet:

- Næringslivet er ein viktig premissleverandør for SNP.
- Det er bevisst valt ut satsingsområde, strategiar og tiltak.
- SNP er arbeidd inn i overordna plan/rammeverk for Ål kommune.
- SNP er sett i lys av regionale, fylkeskommunale og statlege planverk.
- Verdiskaping og innovasjon er viktig.
- Satsingar skal passa inn i overordna målsettingar/strategiar.
- Næringsfondet til Ål kommune skal støtta valde strategiar.
- Vekst i regionen vil vera knytt til rekreasjon, reiseliv, auka bruk av bustad nr. 2 og med moglegheit for å jobba via elektronisk overføring som gjer at ein vil bu heiltid eller deltid i Ål.

1.5. Forhold til andre planverk

Kommuneplanen for Ål kommune er kommunen sitt "øvste" plandokument og altså overordna andre planverk i kommunen. Gjeldande kommuneplan vart vedteken i 2006 og gjeld inntil rullering er gjennomført.

Strategisk plan for Hallingdal vart utarbeidd fyrste gong i 1998 og rullert sist i 2006 for perioden 2006-2010. Planen er vedteken i Regionrådet for Hallingdal.

1.6. Status/utviklingstrekk

I strategisk plan for Hallingdal 2006-2010, vedteken i regionrådet i april 2006, står det mellom anna om næringsutvikling og næringsdynamikk:

"Arbeidsplassane og yrkesbefolkninga i ein region er hovudfundamentet for å sikre framtidig busetting, og for å skapa verdiar som gir inntekter for kommunane. I ein slik samanheng er det derfor viktig å vurdere følgjande spørsmål:

- Korleis har talet på arbeidsplassar i Hallingdal utvikla seg?
- Korleis er nettoppendlinga, dvs. arbeidsplassar minus yrkesaktive busett i Hallingdal.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

- Kor stor del utgjer arbeidsplassane i kommunal sektor samanlikna med samla tal på arbeidsplassar?
- Korleis er næringsstrukturen, korleis har den endra seg? Er den sårbar i forhold til framtidig utvikling?

Hovudkonklusjonane for Hallingdal er:

- Svak auke i arbeidsplassar.
- Sterk nedgang av sysselsette innan jord- og skogbruk.
- Ingen endring innan industrien.
- Sterk auke innan reiselivsrelaterte næringar, her spesielt mot hyttemarknaden.
- Liten auke innan offentleg tenesteyting”.

Om ein dreg med seg konklusjonane i denne planen inn i biletet når det gjeld Ål, vil ein sjå at Ål har svært mange arbeidsplassar knytt opp til næringar med liten vekst eller tilbakegang.

Syssette etter næring i Ål		1990	1995	2002	2005	2007
1	Jordbruk, skogbruk og fiske	294	218	207	155	160
2	Industri og bergverksdrift	235	239	195	226	230
3	Kraft- og vassforsyning	17	18	20	39	42
4	Bygg- og anlegg	203	168	367	349	398
5	Varehandel, hotell- og restaurant	311	345	343	397	362
6	Transport og kommunikasjon	224	151	146	138	131
7	Finans og forretningsmessig tenesteyting	49	67	95	126	117
8	Offentlig forvaltning og anna tenesteyting	633	835	919	921	955
	SUM	1966	2041	2292	2351	2395

I 2003 hadde Ål ei netto utpendling på 49 personar. Dette har auka til 132 i 2007. Det tyder i klartekst at nesten 90 fleire Ålingar har arbeidsplassen utanfor kommunegrensene enn innanfor. Grunnane til dette synest ganske klare:

- Ål har flest gardsbruk i regionen. Sjølv om nedgangen i jord- og skogbruk har vore om lag på landssnittet, har det difor gjort at mange arbeidsplassar har vorte borte i kommunen.
- Ål tek i liten grad del i veksten innan reiselivsrelaterte næringar.
- Ål har mange offentlege arbeidsplassar, og det er generelt liten auke innan offentleg tenesteyting.
- Ål har innanfor bygg og anlegg hatt den største veksten dei seinare åra. Dette motverkar i nokon grad opp dei andre trendane.
- Veksten i offentlege arbeidsplassar er om lag på landsgjennomsnittet. Regionale helsetenester er viktig for Ål.

Ål har eit spreidd næringsliv, med verksemdar innan eksportindustri, turisme, landbruk, varehandel, transport, treforedling, bygg og anlegg, IKT/media/grafisk og andre tenesteytande verksemdar.

Ål har ingen hjørnesteinsverksemdar, men mange små og mellomstore verksemdar. Dei største har om lag 50-60 tilsette.

Ål er regionalt senter for helsevern. Her ligg Luftambulansbasen for indre Sør-Norge og Hallingdal Sjukestugu med psykiatrisk og somatisk eining, poliklinikk og legevaktsentral for øvre Hallingdal.

Kommunen ligg sentralt plassert i høve til kommunikasjon. Det er gjennom Hallingdal Kraftnett si fiberutrulling moglegeheiter for satsing på kommunikasjonsteknologi.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

Bergensbanen og riksveg 7 går gjennom kommunen.

Omsetningsveksten i Ål er låg. Det er berre 1,8 % av verksemdene som har hatt ein vekst større enn 10 %.

Etableringsfrekvensen i Ål er relativt låg. Måler ein tal nyetableringar i høve til eksisterande verksemdar, er han på 7,2 % i Ål mot eit landsgjennomsnitt på 7,5.

Oppløving, reiseliv og næring relatert til dette vil dominera veksten i regionen vår. Nye tal tyder på at det årleg er i storleik over 5 milliardar kroner i omsetnad knytt til hytte – og reiselivsnæringa i Hallingdal. At bygg- og anleggssektoren har opplevd sterk vekst i Ål dei seinare åra, kan i stor grad tilskrivas dette.


Det offentlege står for nesten 1000 årsverk i Ål.

Endring i alderssamansetning frå 1994-2007 ser slik ut:

	1994	2004	2007	Endring 1994-2007
0-24 år	1611	1491	1496	-115
25-34 år	599	508	439	-160
35-44 år	660	632	624	-36
45-69 år	1239	1350	1430	191
70-79 år	451	390	349	-102
80 år +	272	285	304	32
			Sum	-190

Ser ein på endringar i folketalet, er reduksjonen størst i aldersgruppene 0-24 år, 25-34 år og 35-44 år med til saman 321 personar, medan aldersgruppa 45-69 år har auka med 191 personar. Dette viser ei utvikling der Ål får relativt fleire eldre innbyggjarar. I Ål ligg andelen personar over 67 år på 17-18 %, medan gjennomsnittet for Buskerud og landet er 13-14 %. Dette er ei negativ utvikling som ein òg finn i mange andre bygdekommunar. Det har sidan 1994 også vore ein svak nedgang i folketalet i Ål, mot ein svak auke i landet. Reduksjon i folketalet kan gå ut over næringsutviklinga, færre unge og fleire eldre kan gje "forgubbing" og bli eit hinder for næringsutviklinga.

Befolkninga etter kjønn og alder. 1.1. 2008. Prosent



2. HISTORIE OG VISJON

Ål i Hallingdal: Rotekte og framtidsetta

Med rotekte meiner me at planlegging og næringsarbeid så langt råd skal byggje på dei tradisjonane og den historia me har, når det gjeld levemåtar, næringsliv, byggjeskikk, kultur og språk. Med dette meiner me også at kommunen har ansvar for å få fram og føre vidare desse tradisjonane og denne historia.

Med framtidsetta meiner me at kommunen i planlegging og næringssetning skal arbeide for å få best mogeleg innsikt i korleis framtida vil bli når det gjeld miljø og ressursbruk, teknologi, økonomi, rikspolitikk og oppfatningar, og at denne innsikta så langt råd skal liggje til grunn for næringsarbeidet.

Det å utvikla ein visjon er ein krevjande prosess. Sjølve omgrepet visjon kan lett bli svevande og svulstig. Likefullt er utvikling avhengig av å kunne løfta blikket, sjå langt fram, finna utviklingstrekk og freista orientera seg etter dette. I næringsssamanheng skal ein i Ål ha eit godt system for å ta vare på initiativ, vera ærleg på kva som er konkurransefortrinn, satsingsområde og veikskapar og vera open og analytisk når det gjeld å tilpassa seg utviklingstrekk som er viktige for bygda.

Den mest vellukka næringsbygginga i Ål når det gjeld inntening, er Ål Kraftverk KF med titals årlege millionar i overskot. Det er lett å gløyma at det tok over 20 år før investeringane i kraftverket og andre kraftinvesteringar i Ål tok til å gje overskot og endå mange år før dei verkeleg byrja spela ei sterk rolle i velferdsutviklinga i bygda. I ettertid må ein ha lov til å kalla næringstenkinga for nesten 100 år sidan for visjonær. I ein strategisk næringsplan for Ål er det framleis viktig å freista finna ein samlande visjon for næringsutvikling.

Landbruk var fram til etterkrigstida den dominerande næringa i Hallingdal og Ål. Industribygginga på 1800-talet har i liten grad prega Hallingdal. 1900-talet er prega av desse utviklingslinene:

- Bergensbanen, der Ål vart ein sentral stasjon på strekninga, opna i 1909.
- Vasskraftutbygging, som gav arbeidsplassar i anleggstida og der Ål stadig haustar av ressursane.
- Turismen, der Ål og Bergsjøområdet var langt framme i tiåra etter andre verdskrigen.

I starten av eit nytt hundreår ser følgjande ut til å vera viktige utviklingstrekk:

- Hytter går frå å vera nytta i kortare periodar til å bli heim nummer to.
- Digital infrastruktur gjer det mogeleg for mange å arbeida meir frå hytta.
- Hallingdal med sin natur og kultur har verdiar mange vil ta del i.
- Berekraft, miljøtenking og nærleik til naturen er viktig for folk.

Mange vil søkja til Ål og Hallingdal for å oppleva, besøkje eller bu i det rotekte fjell-Norge. I Ål skal me leggja til rette for dette samstundes som me utviklar bygda på ein framtidsetta måte.

Nett på dette grunnlaget meiner me at visjonen "rotekte og framtidsetta" passar godt for Ål.

3. ÅL SIN KONKURRANSESITUASJON

3.1. Sterke sider

- Ål har god kommuneøkonomi. Ein har greidd seg utan å ta opp større lån til investeringar og utan for store kutt i drift.
- Ål kommune har store inntekter frå vasskraft.
- Innbyggjarane i Ål kommune har gitt uttrykk for at det er godt å bu i kommunen.
- God barnehagedekning og godt barne- og ungdomsskuletilbod.
- Ål har eit allsidig næringsliv, med verksemder som spenner frå eksporterande industri, verktøymakarar, styringsautomatikk, trebearbeiding/foredling, bygg- og anlegg til IKT/media/grafisk, kunnskapskrevjande produksjon og tenesteytande verksemder.
- Sundre, handelssentrum i Ål, er ein konsentrert, variert og triveleg handelsstad med butikkar av god kvalitet.
- Ål kulturhus er rekna som eit regionalt kulturhus og er eit allsidig bygg med grunnlag for kulturaktivitetar av mange slag.
- Ål kommune er den største husdyrkommunen i Buskerud, noko som har ført til at mykje av kulturlandskapet vårt er halde godt i hevd.
- Ål er ein stor hyttekommune med heile 2.500 hytter og talet aukar stadig.
- Ål har store utmarksressursar.
- Ål har særskild låg arbeidsløyse.
- Kommunen ligg sentralt plassert i høve til kommunikasjon. Både Bergensbanen og RV 7 går gjennom bygda.
- Kommunen er eit senter for fagpersonell innafor helse.
- Ål er tyngdepunktet i regionen for IKT/media/grafisk-næringa.
- Bygg- og anleggsnæringa har vakse kraftig dei seinare åra.
- Kollektivtilbodet med buss og tog er betra dei siste åra, især i retning Drammen/Oslo.
- Ål har eit særskild aktivt organisasjonsliv.

3.2. Svake sider

- Det er ikkje stor aktivitet innafor utviklinga i reiselivet, Ål blir små samanlikna med våre naboar i aust og vest.
- Reiseliv/rekreasjon og næring knytt til dette er den viktigaste vekstnæringa i Hallingdal. Ål tek i liten grad del i denne veksten.
- Det blir lagt ned gardsbruk også i Ål og det har vore få driftsutbyggingar dei siste åra. Det er færre som satsar på landbruk. Dette fører også til mindre avvirkning i skogbruket og trugar kulturlandskapet.
- Sentralisering i samvirkeorganisasjonar og offentlege verksemder har ført til nedlegging av fleire titals arbeidsplassar.
- Mange innbyggjarar meiner me hamnar i skuggen av naboane våre og meiner me ikkje tek ut potensialet me har for vekst ut frå vårt særpreg.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

- Det er ein svak nedgang i innbyggjartal,
- Personinntektene i Ål er mellom dei lågaste i regionen.
- Omdømmet til Ål er ikkje dårleg, men svakt.
- Kollektivtransporttilbodet er ikkje godt i kommunen.

3.3. Mogelegheiter

- Få til ei god forvaltning av overskotet av kraftmidlane. Nytt fortrinnet med å ha god økonomi i næringsutviklinga.
- Partnerskap kommune – næringsliv.
- Nytt potensialet til kulturbaserte opplevingar og næringsverksemd.
- Nytt potensialet for å vera eit leiande rekreasjonsområde med øko- og landbruksbasert reiseliv.
- Utnytta dagens kompetanse, potensial og våre fortrinn. Mange bedrifter som har kompetanse innan IKT, media og grafiske tenester.
- Satse på marknadsføring/omdømmebygging.
- Satse på ny teknologi og avanserte produkt med eit nasjonalt og internasjonalt marknadspotensiale, herunder e-basert handel og utviklingsverksemd.
- Satse på dei utviklingsorienterte næringane.
- Satse på fornybar energi og kraftkulturen.
- Støtte regionale satsingar, verksemd og prosjekt (felles bu- og arbeidsmarknad).
- Gje tilbod til hytteeigarar som ynskjer å knyte seg sterkare til Ål.
- Ved i størst mogleg grad å støtte opp om det lokale næringslivet i Ål ved innkjøp av varer og tenester bidreg ein til å sikre arbeidsplassar og eksisterande næringsliv.

3.4. Trugslar

- Om attraksjonskrafta ikkje aukar, vil nabokommunane i sær i kraft av sterke merkenamn som reiselivsdestinasjonar, framstå som meir attraktive.
- Om me ikkje satsar på ein klarare profil og omdømmebygging, vil me vera usynlige, både som bu- og arbeidsmarknad.
- Satse på ei for generell næringsutvikling og ikkje ha evne til å satse/spisse i førehald til konkurransefortrinna.
- At unge menneske som flyttar frå Ål, ikkje ønskjer å flytta tilbake. Dette gjev nedgang i folketal og auke i gjennomsnittsalder.
- Ål manglar aktøren som kan vera sparringspartner for kommune og representera næringslivet.
- Støtte regionale satsingar, verksemd og prosjekt (felles bu- og arbeidsmarknad).

4. STRATEGI

4.1. Strategiske mål

1. Ål skal vere ein næringsvennleg kommune som legg til rette for samarbeid og etablering av arbeidsplassar. Ål skal i framtida ha eit robust næringsliv med evne til berekraftig¹ utvikling.
2. Ål skal nytte naturressursane² i kommunen og sikre berekraftig bruk av dei.
3. Ål skal nytte konkurransefortrinna ein til ein kvar tid har og prioritera innsats ut frå dette.

4.2. Overordna strategi

Den overordna strategien i Strategisk Næringsplan for 2009-2012 er å satse tungt på dei områda Ål allereie har konkurransefortrinn. Dette skal medføra konkrete prioriteringar og val av satsingsområde.

Gjennom ein slik strategi skal ein medverke til vekst, innovasjon og knoppskyting i nye og eksisterande bedrifter.

Som del av det langsiktige tiltaksarbeidet bør det lagast ein overordna utviklingsplan for Ål fram mot 2030.

Det er også viktig å få til god samhandling mellom viktige private aktørar og kommunen.

HOVUDMÅL

Ål skal ha eit næringsliv godt tufta i det ekte Hallingdal og med sterkt fokus på sal og verdiskaping.

¹ Me berekraftig meiner Ål kommune ei utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydeleggje vilkåra for at framtidige generasjonar kan få tilfredsstilt sine behov, ved å ta omsyn til:

Berekraftig produksjon og ressursforvaltning
Redusert ressursforbruk
Auka bruk av fornybare ressursar
Grøn innkjøpspolitikk
Attbruk og attvinning

² Dyrka og dyrkbar mark, beite, produktiv skog, verdfulle naturområde, viktige leveområde for vilt osb

4.3. Handlingar

Innsats av økonomiske ressursar

Ut frå prognosar vil overskotet frå Ål Kraftverk truleg vera på 35-40 millionar for år 2009. I tillegg mottek kommunen årleg 5,5 mill kr i form av konsesjonsavgifter som finansierer næringsfondet, jordbruksfondet og fiskefondet, samt anna næringsarbeid.

Delar av overskotet frå Ål Kraftverk går i dag til næringsformål i form av kommunale investeringar i næringsstomter og infrastruktur på slike område. Resten går i det alt vesenlege til kommunale formål.

Ål kommune eig altså ei verksemd som gjev inntekter som delvis kan brukast til langsiktig næringsbygging i bygda.

Det er viktig at kommunestyret, gjerne i lag med næringslivet finn fram til ei god organisering og forvaltning av noko av desse verdiane. Dette vil kunne styrke både kommunen og næringslivet i framtida.

Gjennom SNP vedtek Ål kommunestyre ein handlingsregel for kor stor del av kraftinntektene som skal nyttast til næringsbygging. Summen vert vedteken i samband med rullering av SNP - for 4 år om gongen.

Det blir laga ein handlingsplan som skal rullerast årleg.

Samspel og samhandling

Ål treng god samhandling og eit godt samspel for å få til næringsbygging som kan bety noko over tid. Helseverksemdene i Ål er gode døme på korleis dette kan gjerast langsiktig med samspel mellom fleire aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt. Det same gjeld i noko mindre målestokk kulturområdet og verksemdar som t.d. Døves Media og Ål Folkehøgskule og Kurscenter. Alle desse verksemdene er direkte og indirekte offentleg finansiert.

I motsetnad til Hemsedal og Hol har ikkje Ål sterke utanbygds investorar engasjert i lokal oppbygging, og me har ikkje Gol sine sterke enkeltaktørar. Det er ein realitet som gjev bygda vår visse ulemper, men også fordelar. Me kan i stort mon ha styringa sjølve.

Folketalet i Ål har gått noko ned, og me slit som resten av regionen med rekruttering. Personinntektene er på botnen i Hallingdal. Dette går igjen utover skatteinngangen. Landbruket er viktig i Ål og inntektene frå landbruket er dramatisk redusert dei siste tiåra. Ål har behov for å ha ein god og langsiktig næringspolitikk. I ei undersøking, sommaren 2008, publisert i Dagens næringsliv kjem Ål svært godt ut som kommune å bu i, men samstundes svært dårleg ut når det gjeld gründerånd.

Informasjon

Næringsbygging og -politikk er viktig for lokalsamfunnet. Det må derfor sytast for god informasjon. For tida er det mange prosjekt som kan ha mykje å seia for bygda vår framover. Det er til dømes svært viktig å ha ein informasjonsstrategi i samanheng med omstillingsprogrammet og især for eit eventuelt arbeid med langtidsplan for å få til framdrift og gode ordskifte.

Strategien for informasjon er tufta på følgjande:

- Korleis samfunnet vårt vil utvikla seg.
- Kva me kan gjera for å påvirka det.
- Behov for langtidsplan med tilhøyrande planverk.
- Behovet for systematisk næringsbygging.
- Forvaltning av kraftinntektene i eit langsiktig perspektiv.
- Kva omstillingsprogrammet skal bidra til, jfr. Innleiing ovanfor.
- Korleis omstillingsprogrammet samspekar med andre tiltak.
- Intensjon bak enkeltprosjekta.

Praktisk gjennomføring:

- Eigne presentasjonar for næringslivet og politiske organ.
- Nytte kommunen sine egne kanalar.
- Nytte Ål Utvikling AS sine kanalar.
- Eigne informasjonstiltak ved milepælar.
- Leggja godt til rette for attendemeldingar.

Profil og omdømmebygging

Gjennom ei styrking av omdømmet, vil Ål framstå som ein meir aktiv deltakar og bidragsytar regionalt og nasjonalt. Eit positivt omdømme har næringspolitisk betydning.

Det er mogeleg å auke etterspørselen etter varer og tenester ved å gje kundane betre kjennskap og større kunnskap om Ål.

Eit tydeleg og attraktivt bilete av Ål er ein føresetnad for både å behalde og tiltrekkje oss arbeidstakarar, bedrifter, innovasjon, investeringar og tilreisande.

Strategi for å oppnå dette:

- Det skal arbeidast for å få til planverk for langsiktig utvikling av Ål fram mot td. 2030.
- Ein skal arbeide for å få til partnerskap om profilbygging mellom kommune, næringsliv og organisasjonar.
- Profilbygging vert ein del av alle politiske planar og planprosessar.
- Profilbygging vert integrert i arbeidet i næringsliv og organisasjonar.
- Profilbygging vert ein vesentleg del av næringspolitikk og næringsutvikling.
- Profilbygging vert arbeida inn i kommunen, næringslivet og organisasjonane sine planar og strategiar.
- Det vert sett inn ressursar som vert samordna med planverk og strategiar.
- Profilbygging vert permanent.

5. SATSINGSOMRÅDE, STRATEGIAR OG MÅL

5.1. Generelt

Politikarar og kommuneadministrasjonen, dvs. tiltaksapparatet i Ål kommune, ynskjer å bidra til at Ål har eit næringsliv prega av optimisme og gjennomføringsevne.

Det skal vere eit utval/styre for handsaming av tilskot til næringsutvikling, som gjeld både næringsfond og kraftverkmidlar. Samansetjing av næringsstyret skal i perioden 2009-2012 vera 3 representantar frå næringslivet i Ål og 2 politisk valde representantar.

Kommunestyret i Ål har gjennom denne planen vedteke ein handlingsregel for kor stor del av kraftinntektene til Ål Kraftverk KF som skal brukast til næringsstilskot for å sikra skatteinntekter og busetnad i framtida.

5.2. Langsiktig del

I fleire vesentlege utviklingsprosjekt som aktørar i Ål og kommunen er engasjert i, og for mange av strategiane i denne planen, syner det seg eit behov for å få laga ein langsiktig plan for utvikling av Ål knytt opp til kommuneplan, SNP og arealplan. Dette gjeld mellom anna, Omdømmebygging, Ål Folkepark, Ål skisenter og Øvre Ålsåsen og IKT/Media/Grafisk.

Ein overordna langtidsplan eller rammeverk har mykje å seie for å kunne gjera tiltak som gjev langsiktig avkastning og er varig med å styrka næringsliv og busetting. Denne langtidsplanen vil vera retningsgivande for alle andre planar og liggja til grunn for kva særpreg og omdømme Ål kan byggja. Planen skal vedtakast i kommunestyret, ha forpliktande tilslutning frå næringslivet og vera støtta av organisasjonar og innbyggjarar.

MÅL

Det skal utarbeidast ein overordna langtidsplan for Ål fram mot 2030.

For å komma vidare med langsiktig næringsbygging og omdømmebygging er ei slik forankring i lokalsamfunnet svært viktig.

Denne planen skal danne grunnlag for dei prioriteringar som vert gjort i næringsarbeidet i kommunen.

Strategi:

Det skal utarbeidast ein utviklingsplan for Ål fram mot 2030:

- Eit overordna rammeverk/langtidsplan for utvikling av Ål i samarbeid mellom kommunen og næringslivet, organisasjonar og innbyggjarar.
- Planen skal innehalda føringar for korleis lokalsamfunnet i Ål skal utvikla seg i offentleg sektor, privat sektor, bruk av areal, attraksjonstilbod etc.
- Ein god og gjennomtenkt arealplan er ein viktig del.
- Strategisk næringsplan skal fungera opp mot desse overordna planane.
- Planarbeidet skal mellom anna ta utgangspunkt i pkt 3.6 i kommuneplan for Ål 2006-2018.

5.3. Satsingsområde 2009-2012

Satsingsområda i denne planen, er ikkje sett opp i prioritets rekkefølge.

5.3.1. Overordna prinsipp

MÅL

- Ål skal skapa nye arbeidsplassar.
- Ål skal tryggja eksisterande næringsliv.
- Ål skal skapa attraksjonskraft.
- Ål skal drive permanent profilarbeid og omdømmebygging.

Ål skal i samarbeid med næringslivet, Hallingdal etablerarsenter og andre sentrale aktørar aktivt bistå personar som ønskjer å etablere eigen verksemd. Ål skal bistå eksisterande næringsliv i utviklingsprosjekt og nytenking

Ål skal framstå og opptre som ein samla kommune. Kommunen skal søkje felles løysingar i saker av lokal karakter og samarbeide med andre kommunar/regionar, der dette synes å ha gjensidig verdi.

Vesentlige premisser for framtidig infrastruktur i regionen blir lagt av sentrale myndigheiter. Ål skal søke ei aktiv rolle med utgangspunkt i ein felles regional strategi. Regionen skal drive ei aktiv samhandling innan felles infrastrukturaktivitetar som vei, jernbane, og IKT-nettverk. Det er eit særskilt mål at utviklinga av RV 7 og Bergensbanen vert gjort i samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane.

Kommunal forvaltning og tenesteproduksjon er særskilt viktig for rammevilkåra til det lokale næringslivet. Kommunens konkurranse- og attraksjonskraft blir sterkare dersom Ål kommune og dei andre sentrale aktørane ytterligare forbetrar sin eigen forvaltning og tenesteproduksjon overfor befolkning og næringsliv.

Ei viktig utfordring for regionens utviklingsaktørar er å ha ein kontinuerlig dialog med det eksisterande næringsliv for å sikre best mulige vilkår - det me her kallar vertskapsfunksjonen. Kommunen skal vidareutvikle kvalitativt gode, offensive og næringsvennlige offentlige tenester.

Et viktig virkemiddel for å sikre fokus på infrastruktur, areal-/ eigeomsutvikling og dei andre vertskapsfunksjonane er å vidareutvikle lokale møteplassar, slik at ein god dialog er mogeleg. Dette er arenaer som skal bidra til offensiv dialog mellom privat og offentlig sektor på eit strategisk nivå.

Strategi

Ål kommune skal ha ei pådrivarrolle

Der kommunens ulike aktørar - herunder politikarar, byråkratar, organisasjonsliv, verkemiddelapparat, næringslivet sjølv - kvar for seg eller i samspill utøver påtrykk overfor sentrale myndigheiter for å sikre best mogelege vilkår for næringslivet.

Ål kommune skal ha ei tilretteleggjarrolle

Tilby effektive næringsareal, infrastruktur og næringsvennlige offentlige tenester (forvaltning) overfor det lokale næringslivet - herunder å marknadsføre Ål som ein attraktivt bu- og etablerarstad.

Bedriftsretta utviklingstiltak

Gratis rådgivingstenester og gunstig finansiering frå miljø som eks Hallingdal etablerarsenter, Ål utvikling AS og Innovasjon Norge - der det er viktig å unngå uheldige konkurransevridande effektar.

Aktive lokale eigarmiljø

Kommersielle investeringar inn mot næringslivet gjennom profesjonelle investeringsmiljø eller direkte frå private investorar (bedrifter, institusjonar og enkeltpersonar).

Etablerarbistand

Rådgiving og annen bistand for å stimulere enkeltpersonar til å starte eigen verksemd.

Offentlig sektor - både lokal og regional

Pådrivarrolle overfor lokalisering av regionale arbeidsplassar. Tilretteleggjarrolle ved å stimulere til lokal samhandling mellom offentlige og private miljø.

Profilarbeid og omdømmebygging

Gjennom å drive kontinuerlig profilarbeid og omdømmebygging vil ein styrka attraksjonsverdien i Ål.

Dette skal føra til å:

- Styrke vitaliteten i næringslivet.
- Auke tilstrøyminga til Ål i form av både turistar og tilflyttarar.
- Bidra til styrke optimismen og gjennomføringsevna i Ål.
- Få fram "fyrtårna" som Ål skal byggje identiteten rundt.

5.3.2. Satsingsområde 1: Helse og omsorg, forskning og utvikling

MÅL

- Ål kommune skal vera ei kompetansebedrift innan helse- og omsorg i regionen.
- Med utgangspunkt i eit forskings- og utviklingsmiljø innan helse og omsorg skal dette byggast ut og utvidast til andre fagfelt og samfunnsområde.
- Det skal etablerast eit akademisk miljø i Ål som skal tiltrekke seg universitets- og høgskuleutdanna personell med kompetanse innan pedagogikk, veiledning, forskning og utvikling.
- Ål skal vera i fremste rekke i distrikts-Noreg til å nytte elektronisk kompetanseutveksling i utvikling, forskning og utdanning.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

Ål skal satse på utvikling som har utgangspunkt i våre konkurransefortrinn innan helse og omsorg. Ein har i 2007/2008 starta opp to prosjekt som fører til styrking av FOU-miljøet på dette feltet:

Prosjekt Hallingforsk

Hallingforsk skal vera eit distriktsbasert forskingssenter for å fremja og gjennomføre allmenmedisinsk forskning og forskning i skjeringspunktet mellom kommunehelseteneste og spesialisthelseteneste og samhandling mellom desse. Hallingforsk skal ha nytteverdi for den enkelte bruker av helsetjenester og ha overføringsverdi til helsetenester i andre regioner i landet.

Hallingforsk er eit samarbeid mellom Hallingdalskommunane v/regionrådet, vertskommunen Ål, Hallingdal sjukestugu/Ringerike sykehus / Helse SørØst og Universitetet i Oslo, allmenmedisinsk forskningsenhet. Ein samarbeider også nært med Nasjonalt senter for distriktsmedisin i Tromsø.

Hallingforsk har i dag ei prosjektleiing med tre allmenmedisintrar i deltidsstilling, derav har den eine doktorgradskompetanse. På deltid er det også tilknytta statistikar med doktorgradskompetanse (den einaste i sitt slag mellom Oslo og Bergen). Hallingforsk har allereie forskingsprosjekt som involverar legekontor i samtlege kommunar i Hallingdal.

Prosjekt FoU Helse og omsorg

Ål bu- og behandlingssenter i Ål kommune fekk i mars 2008 tildelt oppgåva å vera undervisningssjukeheim (USH) for Buskerud. USH i Buskerud vil vera ein del av nettverket av satellittsjukeheimar i Region Sør og i nært samarbeid med hovudundervisningssjukeheimen i Songdalen. USH skal drive utviklingsarbeid innan omsorgstenestene og sikre at erfaringar og kompetanse vert gjort kjent på tvers av kommunane.

I tildelinga vart det vektlagt at Ål er i aktiv distriktskommune innan helse- og omsorg og koplinga til Hallingforsk vart særleg framheva.

I det førebuande arbeidet har ein hatt ein nær dialog med Høgskolen i Buskerud som i vil gå inn med personell tilsvarande 40 % stilling for å styrke kompetansen i oppbyggingsfasen. Kommunen har stilt eigne midlar tilsvarande 1,0 stilling til disposisjon gjennom å opprette eit FoU (forskings og utviklings) – prosjekt innan helse- og omsorg. Statlege undervisningssjukeheimsmidlar vil dekke om lag 1,0 stilling.

Strategi:

Satsinga på fagutvikling, fagmiljø og forskning innan helse og omsorg er Ål kommune sin strategi for å sikre at kommunen lukkast i å halde på og rekruttere dyktige fagfolk i åra frametter. Konkurranse om arbeidskrafta kjem til å bli ei av dei største utfordringane for utkantkommunane.

Satsinga på forskning og utvikling i distriktet kjem i rett tid i høve til statlege signal om vektlegging av praksisnær og pasientnær forskning og forskning på primær-helsetenestnivå. Ein skal utnytte det fortrinnet ein har ved å vera tidleg ute og søke støtte og utviklingsmidlar frå sentrale instansar.

Ål kommune skal arbeide for å samle desentralisert utdanning og utviklingsprosjekt innan helse og omsorg i regionen og framstå som eit fagleg kraftsenter.

Ein ser potensialet i å utvide FoU-arbeidet til andre fagfelt og opprette nært samarbeid med universitet og høgskular om desentraliserte og elektroniske opplærings- og utdanningstilbod

innan fleire fagfelt. Dette vert ei satsing som brukar notidas verktøy på å skape ein moderne parallell til dei distriktshøgskulane som vart bygd opp på 70 og -80-talet.

Frå fyrste stund må IKT og elektronisk kommunikasjon innarbeidast i prosjekta. Undervisningssjukeheimen er avhengig av elektronisk kommunikasjon i arbeidet med å halde oversikt, koordinere og spreie erfaringar og kunnskap. Hallingforsk er avhengig av å gjere sin eksistens og sitt forskingsarbeid kjent. Eit akademisk fagmiljø er avhengig av å ha nær tilgang til nasjonale og internasjonale fag- og forskingsmiljø gjennom nettbasert kontakt.

5.3.3. Satsingsområde 2: Ål som reiselivsdestinasjon

MÅL

- Profilen og særpreget for reiseliv i Ål skal meislast ut med omsyn til strategi og målgrupper.**
- Ål skal marknadsførast i definerte målgrupper i inn- og utland.**
- Det skal utviklast eit betre tilbod av aktivitetar og opplevingar for tilreisande til kommunen - som skal føre til eit meir aktivt reiseliv og fleire arbeidsplassar i reiselivsnæringa og andre tilgrensande næringar.**
- Det skal arbeidast for ei auka kvalitetssikring, slik at reiselivet står betre rusta til å møte morgondagens marknad.**
- Med utgangspunkt i eksisterande planar og utbyggingar skal det arbeidast med å få til større attraksjonar som kan auke næringsgrunnet innanfor reiseliv, hyttene næring, oppleving og rekreasjon.**
- Ved revidering av planar må nye tiltak leggjast inn slik at dei vil leggje føringar for ei framtidretta utvikling av Ål samfunnet.**

Ål er ein stor reiselivskommune og vil satse på utvikling som har utgangspunkt i våre konkurransefortrinn. Ål skal ta inn over seg at det er reiselivsnæringa som etter alt og dømmme har det største vekstpotensiale i vår regionen. Ål skal utvikle reiselivet på eigne premisser og mot valde målgruppe i inn- og utland. Det regionale kulturhuset Ål kulturhus er ein svært viktig aktør i denne samanheng.

Reiselivsnæringa i Ål er prega av små og mellomstore verksemdar. Ål har eige alpinanlegg, kjelkebakke, skiskyttararena, ca 350 km med merka skiløyper, ca 1200 kommersielle senger, ca 1900 hytter, aktiv stølsdrift og andre gardsaktivitetar, fiske, naturstiger, skogpark, klatreløyper m.m kultur, tradisjon, kulturlandskap, natur og eit nært samarbeid med landbruket må liggje til grunn for ei spennande utvikling innafor reiselivet og hytteturismen i Ål.

Reiselivsnæringa i Ål er avhengig av at retninga for utviklinga blir staka ut, og at kommune, reiselivsnæring og landbruk dreg i same retning.

Mange ledige hyttetomter (ca 700) og svak inntening i relativt små reiselivsbedrifter tilseier at det er viktig å få til satsing på felles attraksjonar for å få opp aktiviteten i næringa.

Ål har ein topografi som naturleg legg til rette for å utvikla opplevings- og reiselivsnæring ut frå følgjande differensierte grunntrekk:

- Området mellom hovuddalføret og Nordbygdene må utviklast vidare med grunnlag i kommuneplan for Primhovda og ein revidering av kommunedelplan for Sundreområdet med fokus på infrastruktur og tilrettelegging for sommar- og vinteraktivitetar der heistransport eller liknande er viktig.
- Områda utanfor dette utviklast med fokus på hytteliv, reiselivsbedrifter og aktivitetar der naturoppleving, rekreasjon og friluftsliv utan heis er viktig.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

- Dei store områda mot nordvest i kommunen reindyrkast som opplevingsområdar i høgjellet med tilbod for besøkande i og rundt stølsgrendene.

Dette er i hovudsak i tråd med eksisterande arealplanar og langsiktige utviklingstrekk i kommunen.

Strategi med konkrete tiltak:

- Stimulera målretta marknadsføring.
- Utvikla felles attraksjonar og aktivitetar med fyrtårnverdi.
- Utvikla arrangement med attraksjonsverdi i breie grupper.
- Utvikla reiselivsprodukt med deltaking frå reiseliv, landbruk og Ål kulturhus.
- Utvikla vinter- og sommaraktivitetar basert på heis og annan transport i området mellom hovuddalføret og Nordbygdene.
- Utvikla Sentrum, Ål folkepark, Ål Skisenter og områder nedstrøms frå Øvre-Åls Åsen som ein heilskap.
- Stimulera hytte- og fjellturisme ved marknadsføring.
- Støtte allmenne attraksjonar og aktivitetar som er i pakt med natur og miljø .
- Profilera og leggja til rette for natur- og kulturnære opplevingar.
- Stimulera overnattingstilbod og mat tufta på tradisjonar og gardsbruk.

Stimulera til sentrumsnære "varme senger".

5.3.4. Satsingsområde 3: IKT/media/grafisk

MÅL

Ål skal ha ein sentral posisjon i regionen når det gjeld e-basert verdiskaping. Natur, kultur, varer, tenester, reiseliv og opplevingar i Hallingdal skal med spesielt fokus på elektroniske kanalar løftast fram i nasjonal og internasjonal marknad.

Basert på den generelle samfunnsutvikling og dei krav som no vert sett til kommunikasjon og informasjon har Ål gode mogelegheiter til å utvikle denne næringa vidare. Sidan starten av 2007 har det vorte arbeida i næringa med omorganisering og innovasjon gjennom forstudie, forprosjekt og eit hovudprosjekt som går fram til sommaren 2009.

Innteninga i næringa har vore variabel samstundes som kjøp av varer og tenester av denne typen vert sterkt etterspurd av mange aktørar i regionen.

Ål har den største næringsklynga i regionen når det gjeld IKT/Media/grafisk/ elektronisk kommunikasjon. Denne næringsklynga skal vidareutviklast på forretningsområde som er viktig for regionen og utanfor det på områda ein byggjer opp spesialkompetanse

Eit prioritert området for denne næringa er å bidra til utvikling av informasjon om regionen mot omverda og bidra til verdiskaping i regionen gjennom marknadsføringsarbeid, e-handel og teknologisk kompetanse og apparatur/ infrastruktur.

Sett frå internett er Ål ein like sentral plass i Hallingdal som Geilo, Hemsedal eller Gol. Ål har genuine produkt og verdiar med utgangspunkt i tradisjonar, natur og kultur og er eit regionalt tyngdepunkt i denne samanheng. Samstundes har me den største kompetansen i regionen når det gjeld Media/IKT/Grafisk-næringa.

Strategi:

Når ein koplar kjensgjerningane ovanfor saman er det naturleg å tenka at ein i Ål utviklar ein sentral elektronisk marknadsplass for sal av varer og tenester frå Ål og Hallingdal. Fordi Ål manglar enkeltstående større reiselivsaktørar som kan ta ansvar i denne samanheng er eit samarbeid absolutt naudsynt for å få tyngde i marknaden. Samstundes vil næringsklynga som veks opp rundt ein slik marknadsplass ha moglegheit for mange interessante arbeidsplassar som eignar seg for å plassera i Ål.

For å sikra framtidig vekst og utvikling i næringa er det i sær tre områder som er sentrale:

- Utnytting av den fiberoptiske infrastrukturen i Hallingdal.
- Tilby totale kommunikasjonsbyråtenester til større aktørar i regionen.
- Marknadsføring av desse næringsområda.

5.3.5. Satsingsområde 4: Vidareføring av det tradisjonelle landbruk

MÅL

- Oppretthalde og helst auke talet på gardsbruk i drift.
- Fremje eit godt landbruksmiljø.

Med tradisjonelt landbruk meiner me her produksjon av mat og andre jord- og skogbruksprodukt. Ål er den største husdyrkommunen i Buskerud og den største landbrukskommunen i Hallingdal, med nesten 200 bruk i drift, 36 000 dekar jordbruksareal i drift og store skogs- og utmarksressursar. Dei fleste gardane i Ål er for små til å gje heiltidsarbeidsplassar.

Tradisjonelt og fram til dei siste tiåra har landbruket vore den største næringa i Ål og prega tenking og veremåtar i kommunen. Eit av vilkåra for realisering av visjonen om at framtidig næringssetting skal vere rotekte, er difor at landbruket også i framtida vil vere ei livsdugande næring.

Medan me har bak oss ein periode med overproduksjon av mange matvarer i vår del av verda, er det grunn til å tru at me no er på veg inn i ein periode med for liten tilgang på mat, særleg korn. Difor er det også grunn til å tru at landbruket i fjellbygdene, og ikkje minst utmarks- og grovfôrressursane, kan bli av større verdi framover. Ål kommune vil arbeide for at landbruket skal bli ei vekstnæring.

Kommunen innser at landbruksdrift er langsiktig arbeid og at ei kommunal oppgåve difor er å arbeide for at gardbrukarar får stabile rammevilkår. Dette gjeld både heiltids- og deltidsbruk og både større og mindre bruk. Kommunen innser også at for gardbrukarar er det ofte fornuftig med mindre investeringar fleire gonger enn med storinvesteringar, og at golv for støtteordningar difor må setjast lågt.

Strategi

Styrke landbruket gjennom å:

- gje eit moderniseringstilskot (på x %) til aktive gardbrukarar som vil investere i jordveg og driftsbygningar. Det skal utarbeidast eit eige regelverk for ordninga. For tre typar tiltak, jorddyrking, investeringar som kjem inn under regelverket til Innovasjon Norge og tiltak som får SMIL-midlar (særskilte miljøtiltak i jordbruket), skal særreglar gjelde.
- gje eit moderniseringstilskot (på x %) dei første fem åra etter overtaking.
- støtte investeringar som får tilskot frå Innovasjon Norge og tiltak hjå aktive gardbrukarar som utløyser SMIL-midlar.

- støtte nydyrking der godkjend dyrkingsplan ligg føre.
- arbeide for å oppretthalde bu- og driveplikt på gardane.

5.3.6. Satsingsområde 5: Landbruksbasert næringsutvikling

MÅL

- Meir lokalt sal og vidareutvikling av produkt og tenester frå landbruket.
- Betra marknadsføring av landbruksrelaterte opplevingsprodukt.
- Sikre at landbruksprofilen blir ein del av marknadsføringa av Ål.

Hallingkultur og landbruket er viktig i Ål. Sentrumsnære områder på Sundre har lang tradisjon for handel, og det ligg her godt til rette for å utvikla til ein sentral marknadsplass for hallingkultur, hallingprodukt, mat, hytte- og friluftrelaterte produkt og opplevingar i Hallingdal.

Ål er som nemnd den største husdyrkommunen i Buskerud og den klart største landbrukskommunen i Hallingdal. Den samla verdien av produkta (førstehandsverdi) og produksjonstilskott er berekna til i overkant av 80 millionar kroner. Landbruket er også viktig for kultur, tradisjon og kulturlandskap, gjennom dette er landbruket særleg viktig for turistnæringa. Det same gjeld Ål kulturhus.

Lokale landbruksmarknader har opplevd ein renessanse i mange land dei siste åra. Med den styrken landbruket har i Ål, ligg forholda til rette for meir produksjon for lokalt sal, kanskje også for direkte sal av landbruksprodukt og -tenester herifrå i andre område. Eit samarbeid og eit godt samarbeidsklima mellom grunneigarar og reiselivsnæringa er også eit vilkår for oppkøyring av skiløyper, rydding av turstigar og andre tiltak for å leggje forholda til rette for at reiselivet skal kunne bruke utmark.

Strategi

- Styrka marknadsføring av lokale landbruksprodukt og –tenester.
- Aktivt arbeid frå kommunen i samarbeid med næringa for å utvikle tilbod om nye produkt og tenester.
- Aktivt arbeid frå kommunen for at hyttebrukarar skal kjøpe tenester hjå lokale gardbrukarar.

5.3.7. Satsingsområde 6: Historie- og kulturbasert næringsutvikling

MÅL

- Arbeide for å få større innsikt i eiga historie og kultur.
- Arbeide for at denne innsikta når ut til innbyggjarar, gjester og andre interesserte.
- Vidareutvikle Ål som arrangementskommune.
- Vidareutvikle Ål kulturhus sin posisjon som regionalt kulturhus og lokal kulturberar.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2009-2012
vedteke i kommunestyret 20.11.2008

Om visjonen om at næringssetinga i Ål skal vere rotekke, skal realiserast, krev det innsikt i eigen historie og kultur. Det omfattande arbeidet som er drive gjennom mange år med bygdehistorie, med Ål Bygdamuseum, bygdearkivet, kulturhuset, folkemusikk, dialektbruk, rosemåling og annan målarkunst gir kommunen eit grunnlag for å utvikle dette vidare.

Strategi

- Bidra til å vidareføre kulturarbeidet og det historiske arbeidet som blir drive i kommunen.
- Arbeide for å utvikle presentasjonsmåtar og undervisningsopplegg knytt til dette.
- Arbeide for at det kulturhistoriske materialet og dokumentasjonen som finst i kommunen, så langt råd blir tilgjengeleg for innbyggjarar, gjester og andre interesserte.

5.3.8. Satsingsområde 7: Ål som BAST- kommune

BAST = (Bu – arbeid - service og trivsel)

MÅL	
<input checked="" type="checkbox"/>	Ål skal vera ein god stad å bu.
<input checked="" type="checkbox"/>	Ål skal vera innovativ og framtidretta.
<input checked="" type="checkbox"/>	Ål skal skape og trygge arbeidsplassar.
<input checked="" type="checkbox"/>	Ål skal skape attraksjonskraft.
<input checked="" type="checkbox"/>	Ål skal ha god infrastruktur.

Ål har eit variert busetnadsmønster med Sundre som tettstad, Torpo og Leveld som mindre tettstader og mange grender. Folks buynskje er ulike, somme vil bu i storbyar, somme i tettstader og somme i utkantbygder. Ål ønskjer å behalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret og å satse på heile kommunen. Det at mange, særleg familiar med barn og ein del eldre folk, ønskjer å bu naturnært og i små samfunn, er eit vekstpotensial for grendene, som kommunen vil arbeide for å nyttiggjere seg. Kommunen vil hjelpe til med å utvikle fellesfunksjonar, arbeide for tilgang til bustader og ledige gardsbruk i alle grender og så langt råd gode og like servicetilbod i heile kommunen.

Utviklinga i busettingsmønsteret kan ikkje lenger berre forklarast med tilgang til arbeid. Den økte vekta av livskvalitet gjer at oppvekstmiljø og levkår også er ein viktig faktor for lokal utvikling. Unge ønskjer meir urbane bustadar enn for 10 og 20 år sidan. Dei som flyttar til byane for å søkje utdanning eller arbeid, legg vekt på personlig og urban sjølvrealisering framfor sosiale bindingar til heimstaden. Familiar som flytter ut frå byar til mindre tettstader, søker "det gode liv" med vekt på livskvalitet, tryggleik, gode oppvekstvilkår, sosiale nettverk, opplevingar og identitet/tilknyting. Det er også grunn til å anta at mange finn stor glede ved å ha nærleik mellom bustad og arbeidsstad.

Omgrepet livskvalitet inkluderar vårt samla tilbod av opplevingar, sosiale vilkår, tryggleik, naturkvalitetar, m.v.

Kampen om humankapitalen vil bli stadig sterkare. For å tiltrekkje oss kompetent og kvalitetsbevisst arbeidskraft, vil kommunens omdømme innanfor kultur og livskvalitet stå sentralt.

I eit næringsperspektiv er det viktig å sikre at satsinga gjev kommunen langsiktige gevinstar - både i form av varig økt attraktivitet og i form av eit næringsklima som stimulerer til vekst i kulturbaserte næringar. Styrking av reiselivsnæringa i tillegg, vil her stå sentralt.

Strategi

Livskvalitet

Ål må vise kva kommunen har å by på med tanke på trygge og gode oppvekstvilkår, eit yrande organisasjonsliv, kulturtilbod, sentrumsnære miljø for dei som føretrekker det, levande grender og ikkje minst ein sær sars velfungerande offentlig sektor.

Ål skal i dette bildet framleis vise ovanfor eigne innbyggjarar og omverda at det er mulig å kombinere eit næringsliv med den gode bustad.

Fokusere på SMB

Det er viktig at Ål i fokuserer sterkt på utvikling av små- og mellomstore bedrifter. Dette er bedrifter som erfaringsmessig kan ha høg vekst. Det er miljø som kan nyttiggjera seg høg kompetanse, og som raskt kan tilpasse seg nye trendar i konkurranse og etterspørsel.

Reiseliv

Det er viktig at arbeidet med destinasjonsutvikling held fram, og at Ål i sitt utviklingsarbeid er observant på dei moglegeheiter som opnar seg innan reiselivsnæringa.

Handel

Det er sær viktig at kommunen held fram med å være ein attraktiv tilrettelegger overfor verksemdar som bidrar til å komplettere Ål som ein handels- og servicestad. Sentrumsutvikling skal stå sentralt på kommunens agenda.

Viktig mangfald

Ål har ein betydelig sysselsetting i små og mellomstore bedrifter innanfor områda service, helse, reiseliv, kultur, IKT-media-grafisk, og handel m.v. Dette representerer et viktig mangfald og inngår i opplevinga av trivsel og livskvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Det er eit mål for Ål at næringsliv med potensiale for vekst vert understøtta aktivt.

Primærnæringane

Ål må utvikle rammevilkår som bidrar til vekst og lønnsemd for primærnæringane. Nytenking i drift og produksjon representerer i denne samanhengen interessante perspektiv.

Stabil arbeidskraft med høg kompetanse

Ein brei rekrutteringsbase av kompetent og motivert arbeidskraft er et viktig konkurransefortrinn. Arbeidskrafttilgangen i regionen har jevnt over vore god. Arbeidskraft med lokal tilknytning er stabil arbeidskraft, men ein kan sjå over dei siste åra at regionen er avhengig av tilføring av sesongarbeid.

God infrastruktur gir regionen konkurransekraft

Ein moderne infrastruktur er ein føresetnad for å utvikle attraktive regionar. Infrastrukturen i Hallingdal er hovudsakleg god. Regionen har gode landvegs forbindelsar til internasjonale marknader - blant anna via RV 7 og Bergensbanen.

Innan elektronisk samband er det sær bra infrastruktur. Det går fiber gjennom Hallingdal som dekkjer behova inn i overskueleg framtid. For kommunen er det sær viktig å sørge for god infrastruktur når det gjeld vegar, vatn, kloakk og elektronisk samband.

Funksjonell bu- og arbeidsmarknadsregion

For å oppnå større breidde i arbeidsplassstilbodet bør det derfor gjennomførast regionbyggjande tiltak som aukar regionens dynamikk og attraksjonskraft. Hallingdal må sjåast på som ein arbeidsmarknad.

Aktiv næringspolitikk

Å framstå og opptre som eit koordinert utviklingsmiljø, gir kommunen fortrinn framfor mange andre kommunar i konkurransen om etableringar, investeringar og nye prosjekt.

6. VIRKEMIDDEL OG BRUK AV DESSE

Ål kommune har fleire verkemiddel til rådvelde i arbeidet med næring og utvikling: planverk, lover og regelverk, kommunale tenester, næringspolitikk og tilskotsordningar. Dei må nyttast strategisk og planmessig for å nå måla. I tillegg kan kommunen spele på eksterne aktørar og samarbeidspartar.

6.1. Planverk

Kommuneplanen for Ål, som SNP er ein del av, viser korleis kommunestyret i Ål ynskjer at innbyggjarar, næringsliv, politikarar og kommuneadministrasjonen saman skal skape eit attraktivt lokalsamfunn med eit rikt og variert kultur- og næringsliv og ein trygg oppvekst og alderdom.

Kommuneplan for Ål er overordna andre kommunale planar. I denne SNP er ein av strategiane å utarbeida ein langsiktig overordna utviklingsplan for bygda fram mot 2030. Denne langtidsplanen vil vera sentral når den har fått tilslutning frå kommune og næringsliv. Vidare skal arealplanen for kommunen reviderast og det skal lagast ein plan for omdømmebygging

6.2. Lover og regelverk

Ål kommune ynskjer å vera pårekeleg og løysingsorientert, gje rask og korrekt handsaming og nytte det handlingsrom lovverket gjev.

Det viktigaste regelverket me må halde oss til i samband med næringsutvikling er: Plan- og bygningslova, Jordlova, Konesjonslova, Odelslova, Skogbrukslova

6.3. Kommunale tenester – Ål ein næringsvennleg kommune

Ål skal vera ein næringsvennleg kommune. Med dette meiner me at kommunen skal yte tenester som næringslivet er nøgd med: høvelege krav og forventingar, rask sakshandsaming, god rådgjeving og informasjon m.m. Næringslivet kan rekne med at kommunen legg til rette for at næringsdrivande kan få rettleiing og rask avklaring av naudsynte godkjenningar for å utvikle verksemda og/eller starte ny verksemd.

I tillegg kjem gode kommunale tenester som barnehage, skule, helse, vassforsyning, vegvedlikehald og kulturtilbod for å sikre bu-lyst og dermed tilgang på kvalifiserte arbeidstakarar. Tilgang på sentrumsnære bustad- og næringsstomter som ein viktig føresetnad for næringsutvikling.

Ål kommune kan i næringsarbeidet vere pådrivar, samtalepartner, rettleiar, samarbeidspartner, osv, og kan yte ressursar, men det må aldri vere tvil om at arbeidsplassane blir skapt av og for næringslivet. Kommunen ynskjer å samarbeide om å stimulere til prosjekt og tiltak med forankring i eit utviklingsorientert næringsliv, og fremje samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Difor vil kommunen støtte dei verksemdene og dei prosjekta som har eit utviklingspotensial i tråd med målsetjingane, og som sjølve ynskjer å realisere potensialet sitt.

6.4. Kommunale innkjøp

Kommunale innkjøp utgjør betydelege summer, og kommunen kan vera ein viktig kunde for delar næringslivet. I samband med avtaler om innkjøp skal kostnad, tilgjenge og service vektast ut frå eit lokalt perspektiv. Ein skal og ta omsyn til indirekte verknader, slik som arbeidsplassar, skatteinngang og bevaring av verdiskapinga i lokalsamfunnet gjennom lokalt eigarskap.

Det vil vera naturleg å samarbeide med dei andre Hallingdalskommunane når ein lyser ut anbod på kommunale innkjøp, men større einingar, som t.d. BTV, bør og nyttast der dette er mest formålsteneleg i høve til kriteria over.

6.5. Politisk påverknad/arbeid

Rammevilkåra for næringspolitikk vert bestemt i politiske organ. Næringspolitiske enkeltsaker skal i størst mogeleg grad handsamast administrativ. Dette er naudsynt for å kunne føra ein god dialog med seriøst næringsliv.

6.6. Bruk av fond

Ål kommune har følgjande fond: næringsfond, jordbruksfond, fiskefond, viltfond og arrangementsfond. Det dominerande er næringsfondet eller kraftfondet.

Kommunestyret i Ål har gjennom denne planen vedteke ein handlingsregel for kor stor del av kraftinntektene til Ål Kraftverk KF som skal brukast til langsiktig næringsbygging for å sikra skatteinntekter og busetnad i framtida.

Beløpet er sett til kr. 3,5 MNOK av det årlege overskotet frå Ål kraftverk for perioden 2009 til 2012. Beløpet blir vurdert på nytt ved rullering av SNP i 2011.

Disponeringa av fondsmidlane til næringsbygging blir gjort slik:

- Det vert oppretta eit "Ål næringsstyre" etter modell og saksgang av noverande omstillingsstyre der næringslivet sine representantar har fleirtal. Elles skal styret bestå av politikarar.
- Næringsstyret har hand om tildelingar under ein nærare fastsett storleik. Ankeorgan for desse vedtaka er formannskapet.
- Øvrige saker går til kommunestyret for endeleg vedtak etter innstilling frå næringsstyret.

Grunnlaget for bruken av midlane:

Kommunestyret utarbeider eit regelverk med prioriteringar og søknadsfristar, og annonserar dette. Sentrale element i regelverket er:

- At prioriteringa av midlar skal skje i samsvar med strategisk næringsplan.
- At søkjarar og rådgivingsorgan skal arbeide for å finne fleire finansieringskjelder.
- At bruken av næringsfondsmidlane skal sjåast i samanheng med jordbruksfond, fiskefond og viltfond.
- At løyvingane frå næringsfondet og evt. Andre fond normalt skal utgjere om lag 25 % finansiering i prosjekt/etableringar, men vanlivis mindre ved prosjekt/etableringar som får anna offentleg støtte. Ved prosjekt med lite innteningspotensial og moglege store ringverknadar kan prosentsummen aukast, eller kommunen kan gå inn som eigar eller deleigar.
- At ved all prioritering skal venta sysselsettingseffekt leggjast til grunn. Med venta sysselsettingseffekt meiner me nye heiltids eller deltids arbeidsplassar, sikring av eksisterande arbeidsplassar og ringverknadar.

6.6.1. Næringsfond, jordbruksfond, fiskefond og viltfondet i Ål

Føremålet med fond er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemdar i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde.

Det er eigne retningslinjer for bruk av desse fonda.

6.7. Andre viktige aktørar

6.7.1 Næringslivet

I arbeidet med næringsutvikling i kommunen har næringslivet sjølv ansvar for utvikling av eiga verksemd. Det er næringslivet sjølv som må skapa nye arbeidsplassar. Verksemdene bør difor bidra til og initiere bransjemessig samarbeid, for å sikre og styrke fagmiljøa innan dei ulike bransjane.

6.7.2 Ål Utvikling AS

Ål Utvikling AS skal utvikle, leggje til rette for og marknadsføre tilbod som Ål-samfunnet har, med sikte på at auka kjennskap og aktivitet vil styrke næringslivet og gjere Ål til ein betre kommune å bu i. Selskapet skal ikkje ha erverv til formål. Arbeidsoppgåvene/tiltaka skal i stor utstrekning vera til nytte for aksjonærane og i selskapet sin handlingsplan for 2009 er følgjande 3 arbeidsoppgåver prioritert:

1. Næringsutvikling
2. Turisme/reiseliv
3. Arrangement

6.7.3 Hallingdal Etablerarsenter

Hjå Hallingdal Etablerarsenter kan personar få etablerarhjelp og annan bedriftsrådgjeving. Dei som har ein forretningsidé, ynskjer å starte eige firma, eller treng hjelp til finansiering kan få gratis rådgjeving der.

Ål kommune vil satse vidare på etablerarsenteret både økonomisk og ved å sende moglege etablerarar dit for rådgjeving.

6.7.4 Innovasjon Norge og Buskerud fylkekommune

Innovasjon Norge har eit omfattande tilbod av produkt og tenester retta mot norsk næringsliv, og særskilt entreprenørar og små og mellomstore verksemdar.

Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen sitt virkefelt er omfattande og kan gjelde t.d. nyskappingsprosjekt, samfunnsomstilling, næringslivsorientert transport, infrastrukturplanlegging, stadutvikling og kulturbaserte tilbod.

Ål kommune skal vera dørøpnar og freiste å få størst mogleg del av utlyste midlar til nytte i Hallingdal/Ål.

6.7.5 Regionrådet

Regionrådet er eit politisk samarbeidsorgan for dei seks kommunane i Hallingdal. Ordførarane i Hallingdal utgjer regionrådet, som skal vera eit samarbeids- og interesseorgan for deltakarkommunane. Det skal arbeide for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde og det skal ta vare på regionen sine interessene andsynes fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan. (www.hallingdal.no).

6.7.6 Hallingdal Næringshage

Hallingdal Næringshage AS er utviklingsselskapet i DBC-senteret på Gol, og har ei todelt rolle: For det fyrste arbeider selskapet for å utvikle næringshagen ved å leggja til rette for nyskaping og samarbeid. For det andre har selskapet, i samarbeid med næringsliv og offentlige aktørar, sett i gang ei rekke regionale prosjekter for å bidra til næringsutvikling i Hallingdal.